



DEN NORSKE KYRKJA

Bjordal og Ortnevik sokneråd

Møteprotokoll for Bjordal og Ortnevik sokneråd onsdag 06.11.24 kl. 18.30 i Bønnens Hus i Ortnevik.

Tilstades: Camilla M. Ådland, Sissel Sørebø, Kjersti J. Søreide, Inger C. Fitje og sekretær Ann I. Østerbø.
Ingunn Østerbø på telefon

Til opning hørde vi; Den fattige Gud av Edvard Hoem, og Inger C. fortalte om opphavet til salmen.

Innkallinga vart godkjent.

Meldingssaker:

17/24 Ingen saker vart nemnt frå fellesrådet denne gongen.

18/24 Arrangement/tiltak sidan forrige soknerådsmøte :

- Gudsteneste /konfirmantpresentasjon i Bjordal 1. september – 17 personar.
- Hausttakkefest på Massnes – 37 personar.
- Ortnevik 20 okt. : dåpsgudsteneste og utdeling av bøker til barn – ca 68 personar.
- Minnegudsteneste i Bjordal 3. nov. – 22 personar.
- Song på Bygdetunet - 17 personar dei tre siste samlingane.
- Andakt på Bygdetunet – 6-7 kvar gong. Inger C. spelar av musikk frå mobilen m/ høgtalar; og ein syng med den stemma ein har !
- Framleis God helg v/Geir S. på nett.

Sakliste

Sak 43/24 Godkjenning av møteprotokoll frå soknerådsmøte 29. august.

Vedtak: Møteprotokoll frå 29. aug. vart godkjent.

Sak 44/24 Vipps på matsal og utloddning på hausttakkefesten (Massnes)

Vedtak: Soknerådet godkjenner at alle vippes - pengane frå hausttakkefesten går til offerformålet, då det er vanskeleg for kasserar å skilje matsal (til kyrkjelydsarbeidet) og utloddning når pengane kjem inn på same dag.
Ann Iren tek kontakt med Liv- G.

Sak 45/24 Stoff til neste Helgestunder.

Frist for kommande blad gjekk ut 5. nov. Redaksjonsnemnda skal ha neste møte i februar.

Vedtak: Bilde frå hausttakkefest, dåpsgudsteneste og babysong var aktuelle. Fint om foto blir tilsendt Sissel i god oppløysing som vedlegg til e- post.

Sak 46 /24 Julekonserten i Ortnevik 15. des. kl. 17

Vedtak: Soknerådet diskuterte rekkefølge til deltakarane; ein oversikt vil også bli delt ut på konserten.
Det vil bli teke opp ei gave til kyrkjelydsarbeidet. Kjersti kontaktar Kristin Myren om plakat, og elles vil det bli annonser i sosiale medier – det beste frå Høyanger sørside m.m.
Camilla bestiller sjokolade som Terje deler ut til deltakarane.

Sak 47/24 Gudstenesteplan 1. halvår 2025

Vedtak:

BJORDAL

19. januar kl. 16

16. februar kl. 11 m/ årsmøte for soknet

23. mars (med konfirmantar frå Bjordal og Lavik - samtalegudsteneste)

20. april kl. 16 (1. påskedag)

11. mai kl. 11 (konfirmasjon)

17. mai

Juni - friluftsgudsteneste dagsturhytta på Søreide

Juli - i Bjordal kyrkje

ORTNEVIK

17. april kl. 16 (skjærtorsdag)

17. mai

29. juli - olsok

I tillegg vil soknerådet prøve med :

- ei karnevalsgudsteneste i Ortnevik
- eit kulturarrangement m/ Silje Sørebø og Erlend Os i Bjordal. Soknerådet vil kontakte fleire organisasjonar om å vere medarrangørar.

Sak 48/24 Offerplan og offerliste for 2025

Soknerådet vedtok same offerliste som i 2024.

Vedtak: Offerliste 2025 :

Prioritert i denne rekjkjefylga: Kirkens Nødhjelp, Alværa kyrkje- og misjonssenter, NMS Etiopia, kyrkjelydsarbeidet, KFUK/KFUM Sogn og Fjordane krins, Helgestunder, Redd Barna og Sjømannskyrkja X 2.

Utgangspunktet er 8 offerformål x 2 i kvar av kyrkjene.

I Ortnevik med berre 6 forordna gudstenester i året, går sjømannskyrkja ut.

Soknerådet vedtok offer til Alværa på konfirmasjonsdagen, og Kirkens Nødhjelp på julafstan. Dersom det er gudsteneste på tv- aksjonsdagen går offeret til dette formålet.

Inger C. og Ann I. får ansvar for å setje opp offerformåla til gudstenestene, og prøver å tilpasse offeret til søndagen.

Sak 49/24 Samtale om trusopplæringa

For øyeblikket står trusopplærarstillinga ledig, og soknerådet snakka litt kva ein kan klare å gjennomføre på sørsida. Fellesrådet vurderer situasjonen og representantar frå sokneråda, ei trusopplæringsgruppe, kan møtast og drøfte saka.

Vedtak: Det er delt ut 4 og 6 årsbok og bibel til 5. klasse - Inger C. vil dele ut bøker til dei som ikkje har fått.

Ungane har tilbod om leir på Alværa.

Til neste år planlegg soknerådet ei karnevalsgudsteneste.

Er det mulig å få til eit samarbeid med andre om minikonfirmantopplegg ?

Frå 1/ 1- 25 vil Sissel og Mari –Ann trekke seg ut av trusopplæringsutvalet, og soknerådet må vurdere nye kandidatar som kan arbeide med gode tiltak for borna.

Sak 50/24 Val av leiar og nestleiar i soknerådet for 1 år.

Vedtak: Camilla vart attvalt som leiar og Sissel som nestleiar i soknerådet for 1 år.

Sak 51/24 Møteplan vidare

Vedtak: Neste møte blir torsdag 30. januar kl.18.30 i Ortnevik.

Eventuelt

Sak 52/24 Blomster til Olav Bjordal for trekspelmusikk på Bygdetunet.

Soknerådet og pensjonistlaget brukar å dele på kostnad for blomar.

Vedtak: Dette året er det soknerådet som betalar- Sissel deler ut blomster til Olav på den siste songstunda før jul.

Sak 53/24 Dugnad på kyrkjegardane til våren.

Vedtak: Soknerådet sette opp 2. april og 29. april som forslag til dugnadsdagar i Bjordal og Ortnevik. I Ikjefjord ser Ingunn til at alt er i orden etter vinteren.